



NVE

OSLAND GENETICS AS

Osland Brygge

Sørsidevegen 2966

5962 BJORDAL

Vår dato: 10.12.2025

Vår ref.: 202319382-15 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE gir løyve til uttak av grunnvatn til Osland Genetics AS i Høyanger kommune, Vestland fylke

Vi viser til søknad daterte 08.07.2004. NVE gir løyve etter vassressurslova § 45 til uttak av grunnvatn ved Førde i Bjordal. NVE meiner fordelane for allmenne og private interesser er større enn ulempene ved tiltaket, jf. kriteria i vassressurslova § 25.

Osland Genetics søker om løyve for uttak av inntil 70 l/s grunnvatn på gnr./bnr. 20/1 i Førde i Høyanger kommune. Grunnvatnet er planlagt henta ut frå to brønnar i lausmassar like ved Fjordselva i Førde. Vatnet skal førast via sjøleidning frå Førde til Osland Genetics sitt anlegg på Oslandsøyra. NVE behandlar vassuttaket etter vassressurslova medan Høyanger kommune behandlar vassleidningen etter hamne og farvasslova, og plan og bygningslova.

Det omsøkte grunnvassuttaket vil etter NVE si vurdering gje Osland Genetics AS ei sikker vasskjelde til deira stamfiskanlegg. NVE vurderer ut frå søknaden og høyringsuttalane at uttaket ikkje vil få vesentlege konsekvensar for naturmangfald eller andre allmenne interesser. NVE legg òg vekt på at tilstrekkeleg vassforsyning er viktig for vidare drift og utvikling av ei etablert bedrift som bidreg til sysselsetjing og verdiskaping i lokalsamfunnet.

Ei nærare grunngiving for løyvet er gitt i vedlagde notat *Grunngjeving for vedtak*. I notatet har vi gitt merknader til vilkåra, og her finn du også krav til utforming av anlegget. Notatet er også tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9338/V.

Dette løyvet gir ikkje rett til ekspropriasjon. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til eventuelle andre rettshavarar i området.

Orientering av grunneigarar og rettshavarar

NVE ber om at dette brevet med vedlegg så snart som mogleg blir sendt til grunneigarar/rettshavarar som vert påverk av tiltaket. Både eigarar av utbygde og ubygde eigedommar skal varslast. NVE ber om å få ei stadfesting når de har orientert ramma grunneigarar og rettshavarar, med dato for utsendinga.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Vidare saksbehandling

Før tiltaket kan gjennomførast må du:

Få godkjent detaljplan

Ein detaljplan for miljø og landskap er ei grundig beskriving av tiltaket, og korleis det skal utførast. Anleggsarbeid må ikkje setjast i gang før detaljplanen er godkjend av NVE. Tiltakshavar har ansvar for at detaljplanen er i samsvar med konsesjonen, og dessutan kommunal reguleringsplan og/eller arealplan. NVE sin rettleiarar 4/2018 «Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga» og NVE sin digitale rettleiar «Detaljplan for vassdragstiltak – Miljø og landskap» er tilgjengelege på <https://www.nve.no/energi/tilsyn/miljoetilsyn-vassdragsanlegg/>.

Søknad om detaljplan blir send til NVE sitt miljøtilsyn, som vil følgje opp anlegget i plan-, anleggs- og driftsfase.

Moglegheit til å klage

Vedtaket kan klagast på. Sjå opplysningar om rett til å klage på siste side. Klagefristen er forlenga med to veker fram til 14.01.2026 på grunn av juleferie.

Med helsing

Silje Aakre Solheim
seksjonsleiar

Bård Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i tråd med interne rutinar.

Vedlegg:

Mottakarliste:

OSLAND GENETICS AS

Kopimottakarliste:

NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE
HØYANGER KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
ADVOKATFIRMA BLIKRA, SLOTTERØY & FONN AS

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekka vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.